



KI-notat nr.: 35 /2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Luster Småkraft AS/Engjedalselvi kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Luster		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Frank Jørgensen	Sign.:	
Dato:	01 JUN 2010		
Vår ref.:	NVE 200701297 -22 / 200604134		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Engjedalselvi kraftverk i Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Uttalelser til søknaden	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	15
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	19
NVEs vurdering	22
NVEs konklusjon	25

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av kraftverk i Engjedalselvi i Luster kommune i Sogn og Fjordane.

Engjedalselvi ligger på østsiden av Jostedøla, og renner igjennom Gaupne sentrum. Det omsøkte prosjektet vil utnytte et fall på 389 m mellom kote 395 og 6, og gi en årlig middelproduksjon på 12,2 GWh, fordelt på 8,3 GWh i sommerproduksjon og 3,9 GWh i vinterproduksjon. Planene omfatter inntak, rørgate og kraftstasjon med utløp tilbake til Engjedalselvi.

En utbygging etter de omsøkte planene vil, i tillegg til ny årlig kraftproduksjon på ca. 12,2 GWh, gi inntekter til Luster Småkraft AS og til grunneiere, og kan bidra til noe lokal verdiskapning under anleggsperioden.

Etter høringsrunden ble det klart at den største konflikten er elvas betydning som landskapselement, der nedre deler av elva er godt synlig for allmennheten. Tiltaksområdet er i kommunedelplan for småkraftverk i Luster plassert i gul konfliktsone. Dette betyr at Luster kommune har vurdert at området har noen sterke interesser som det må tas hensyn til. Kommunen tilrår likevel at det blir gitt konsesjon på visse vilkår, herunder at stasjonen flyttes til oversiden av Engjedalsveien, at det stilles krav til anleggelse av rørgate og at NVE vurderer om foreslått minstevannføring er tilstrekkelig. Fylkeskommunen tilrår ei utbygging med samme krav om vilkår som kommunen når det gjelder plassering av stasjon og nedgravd rørgate. Fylkesmannen, Naturvernforbundet, Sogn og Fjordane turlag samt brukere av området frarår ei utbygging der elvas betydning som landskapselement står

sentralt. I følge søknaden og høringsuttalelsene går én av fire veger som har status som nasjonal turistvei igjennom Gaupne. Gaupne blir i høringsuttalelsene beskrevet som en viktig innfallsport til Breheimen, og mange turister tar utgangspunkt i Gaupne når de skal besøke Jostedalen med Breheimsenteret og Jostedalen Nasjonalpark. Det er da spesielt beliggenheten nær Gaupne sentrum som øker elvas verdi for allmennheten.

Flere høringsparter uttrykker at det bør gjøres en samlet vurdering av småkraftsakene i området. NVE mener at Engjadalselvi er et verdifullt landskapselement med nærhet til Gaupne sentrum og synlighet fra riksvei 55. En utbygging som omsøkt vil forringe elvas verdi for allmennheten. NVE mener at fraføring av vann fra elva vil redusere opplevelsene av fossestrykene som kan ses fra store deler av bygda. Tekniske inngrep i det bratte terrenget ned mot Gaupne sentrum i forbindelse med legging av rørgate slik det står i søknaden vil etter vår oppfatning medføre betydelige inngrep og ha store negative konsekvenser for områdets landskapsverdi.

Tiltakshaver ønsker ikke å slippe minstevannføring i vintersesongen, noe som vil få konsekvenser for drift av bunndyr. NVE vurderer at de negative konsekvensene for biologisk mangfold i og langs elva kan avbøtes med tilstrekkelig minstevannføring hele året.

En utbygging som omsøkt vil gi ca. 12,2 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon og kunne bidra til lokal næringsutvikling og verdiskaping. Engjadalselvi utgjør imidlertid etter vår oppfatning et svært verdifullt landskapselement i Gaupne sentrum. Dette vil bli sterkt redusert. I tillegg vil etablering av rørgate i et meget krevende og godt synlig område gi betydelige terrenginngrep og ytterligere bidra til å skjemme områdets karakter. En utbygging med kraftstasjon ovenfor de nederste fossefallene ville redusert konfliktnivået betraktelig. Søker har imidlertid ikke ønske om å utrede dette nærmere, og vi har derfor ikke vurdert dette særskilt.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at ulempene av det omsøkte tiltaket er større enn fordelene for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 ikke er oppfylt. NVE avslår med dette Luster Småkraft AS sin søknad om å få bygge Engjadalselvi kraftverk.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Luster Småkraft AS, datert 11.10.2006:

"Luster Småkraft AS ønskjer å utnytte fallet i Engjadalselvi i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til

- Å byggje Engjadalselvi kraftverk med installert effekt inntil 3,5 MW*

2. Etter energilova, Lov av 29.juni 1990, nr 50 om produksjon, omforming, omsetjing og fordeling av energi m.m. om løyve til:

- å installere ein generator på inntil 3,5 MW med elektrisk anlegg.*
- å installere naudsynt koplingsanlegg for kabeltilknyting*
- elektrisk konsesjon for legging av 22 kV kabel / luftlinje frå kraftstasjonen og fram til eksisterande 22 kV linje.*

3. Etter forureiningslova om løyve til:

- gjennomføring av tiltaket.*

Alle andre naudsynte opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Me ber om snarleg handsaming av søknaden."

Hoveddata for kraftverket

Nedbørfelt	km ²	14,3
Middelvannføring (1961 – 90)	m ³ /s	0,59
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,05
Inntak på kote	m.o.h.	395
Avløp på kote	m.o.h.	6
Brutto fallhøyde	m	389
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,92
Slukeevne, maks.	m ³ /s	1,1
Slukeevne, min.	m ³ /s	0,06
Tilløpsrør, lengde	m	1360
Tilløpsrør, diameter	mm	600
Installert effekt, maks	MW	3,5
Bruktid	t	3600
Magasinvolym	m ³	~ 0
HRV	m.o.h.	395
LRV	m.o.h.	-
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)	GWh	3,9
Produksjon, sommer (1/5 – 30/9)	GWh	8,3
Produksjon, året	GWh	12,2
Utbyggingskostnad	mill.kr	25,9
Utbyggingspris	kr /kWh	2,12

Elektriske anlegg

Generator	Ytelse MVA	Spenning kV
	3,9	6,6
Transformator	Ytelse MVA	Spenning kV/kV
	3,9	6,6/22
Kraftlinjer	Lengde m	Nominell spenning
	750	22 kV

Uttalelser til søknaden

Søknaden har vært kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn i Luster kommune. Videre er søknaden sendt på høring til kommunen, fylket og andre offentlige instanser og friluftsansjoner. NVE har mottatt følgende uttalelser til søknaden:

Luster kommune har i kommunestyremøte 20.09.2007 vedtatt følgende:

"Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Engjadalselvi kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

For å unngå konflikt med vedteken arealplan for Gaupne, og for ivaretaking av viktige miljøomsyn, må det knytast vilkår til konsesjon.

Kraftstasjonen bør flyttast til oversida av Engjadalsvegen.

Det må påleggjast spesifiserte villkår i samband med legging og nedgraving /tildekking av trykkrørleidning for å gjera denne minst mogeleg synleg i terrenget.

NVE må føreta ei grundig vurdering av omsøkt minstevassføring - om den er tilstrekkeleg både med omsyn til vassmengde og periode. Ein må også sikre trongen for reservevassforsyning til Gaupne i vinterhalvåret i ein ev. krisesituasjon. "

Vedtaket vart gjort med 15 mot 14 røyster."

Fra saksutredningen refererer vi vidare:

[...]

Tilhøve til overordna planar

I arealdelen til kommuneplanen er prosjektområdet nord for Engjadalsvegen definert som LNF-område. Området sør for Engjadalsvegen er avsett til framtidig bustadområde, med ei stripe friområde på begge sider av elva.

I kommunedelplanen for småkraftverk, som skal vera retningsgjevande for kommunen si handsaming av utbyggingsprosjekt, har Engjadalselva fått -1 (minus 1) i totalpoeng og er plassert i "Gul konfliktsone". I dette ligg det at området har nokre sterke interesser som det må takast omsyn til, og at utbygging av kraftverk i slike område må ta omsyn til dei ålmenne interessene og planleggjast med avbøtande tiltak.

[...]

Vurdering:

Utbyggingsplanane er i direkte konflikt med gjeldande arealplan for Gaupne, vedteken av Luster kommunestyre i 1998. Kraftstasjonen er planlagt på areal som i arealplanen er avsett til friområde, og tilkomstvegen til kraftstasjonen og den delen av rørleidninga som kjem sør for Engjadalsvegen, på areal som er planlagt til framtidig bustadfelt. Dette er tilhøve som ikkje søkjaren har fått med seg. I søknaden er det opplyst at "Tiltaks- og influensområdet er avsett som LNF-område i arealdelen av Luster kommuneplan."

Den mest nærliggjande løysinga for å unngå konflikt med vedteken arealbruk, synest å vera å trekkja kraftstasjonen ovanfor Engjadalsvegen, men dette har sjølvstakt sin pris ved at fallhøgda då vert redusert med om lag 30 m. Ei redusert fallhøgde i nedre del kan til ein viss grad kompensast ved å flytta inntaket høgare opp. Konsekvensane av å avskjera og leia Tverrelva inn i inntaksdam høgare oppe, er truleg mindre enn å plassera kraftstasjonen på kote 6 som planlagt.

Når tiltak det vert søkt konsesjon på ikkje er i tråd med arealbruksføremålet, kan kommunen krevja at det vert utarbeidd reguleringsplan, eller kommunen kan fatta vedtak om dispensasjon frå plankravet. Dersom kommunen er innstilt på å krevja reguleringsplan, bør det signaliserast alt i høyringsfasen. Det er likevel meir uvanleg at det vert gjort, avdi konsesjonshandsaminga ivaretek det meste av det som elles er målet med ein reguleringsprosess, offentleg utlegging og høve til innspel frå berørte interessegrupper.

Konsulentane sine vurderingar og omtale av andre konsekvensar av ei utbygging, synest elles å vera objektive og korrekte så langt administrasjonen har vore i stand til å etterprøva dei.

Konsekvensane må reknast som små på dei fleste andre område enn det som har med landskapsbiletet å gjera. Sjølv om ikkje Engjadalselva på nokon måte er landskapsestetisk unik i nasjonal målestokk, aukar verdien pga. lokaliseringa i høve til busetnad og på grunn av at ho er så synleg for mange, både fastbuande og tilreisande. Det er vanskeleg å sjå føre seg i kor stor grad den planlagde minstevassføringa om sommaren vil redusera desse skadene. Men over store strekningar renn elva i fossestryk på fjell, noko som syner godt att, sjølv med mindre vassmengder. Det er verdt å merka seg at søkjaren forutset at det ikkje vert sett krav til minstevassføring i vinterhalvåret.

Den planlagde oppgraderinga av installasjonar i Leirdøla kraftverk og tilknytninga til eksisterande 22 kV linje (jordkabel) er lite konfliktfylt.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev av 26.06.2007:

[...]

”Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere desse sakene i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskelova og forureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter forureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Etter vårt syn vil denne utbygginga i første rekkje vere i konflikt med landskaps-, dernest friluftslivs- og noko fiskeinteresser.

Landskap og friluftsliv

Engjadalselvi sine fossefall er svært sentrale landskapselement i Gaupne som er kommunesenteret i Luster. Her er skular, kommuneadministrasjon, handelssenteret i kommunen, mykje busetnad og arbeidsplassar, institusjonar osv. Riksveg 55 over Sognefjellet er ein av 4 vegar som per i dag har status som nasjonal turristsveg, jf. http://www.turistveg.no/modules/module_123/templates/fp.asp?iCategoryId=68&vt=fp&iTVI D=66&iInfoId=80&lang=nor

Strekninga går frå Lom i Oppland til Gaupne. Vidare er det i Gaupne avkøyrsløp til Jostedalen med Breheimsenteret og Jostedalsbreen Nasjonalpark med Nigardsbreen m.m. som kjente nasjonale turrismål. Nyleg var det framme i media planar om tung investering i nytt hotell og badeland i Gaupne, med ev. plassering med god utsikt til elva. Gaupne er eit knutepunkt for turismen i Luster.

Sogn og Fjordane turlag har i sin uttale, datert 23.03.2007, vist til at området er ein viktig innfallsport til Breheimen. Dei øvre områda (ovanfor inntaket) er mest brukt til lengre turar (regionalt viktig friluftsområde), men området frå busetnaden i Gaupne og oppover langs stiar som delvis går inntil elva, er mykje brukt til dagleg friluftsliv/mosjon.

I eit midlare år vil det vera 321 dagar der alt tilsig til inntaksdammen, unnateke minstevassføringa om sommaren, går gjennom kraftverket. Det vil berre vera 42 dagar med

overløp på dammen. Røyrgate i dagen er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg mest på grunn av omsyn til landskapet.

I nyleg vedtekne "Retninglinjer for små vannkraftverk" frå OED er det vist til at Noreg har forplikta seg til å følgje opp den Europeiske Landskapskonvensjonen som m.a. legg særleg vekt på landskapet der folk bur og arbeider, og der barn veks opp. For å akseptere utbygging av Engjadalselvi meiner vi det bør setjast krav om ei høvesvis stor minstevassføring og restvassføring, særleg i sommarhalvåret. Minstevassføringa sommarstid bør etter vårt syn ligge minst på nivå med 5-persentilen (320 l/s), kanskje meir. Det er også eit moment at Luster kommune har mange andre vassdrag som er nytta til vasskraftutbygging. Jostedøla er allereie sterkt påverka av kraftutbygging, og det er planar om å utnytte fleire av sideelvane framover. I forhold til skule, oppvekst osv. vil ein miste høve til dagleg å oppleve naturleg dynamikk i eit vassdrag i nærleiken.

Det må ev. også gjerast tiltak slik at røyrgatetraséen blir minst mogleg synleg på sikt. Rydding av trasé for å unngå at trerøter presser på røyrgata bør ikkje skje med snauhogging, men ein del høgare vegetasjon/ynge tre bør stå att, og breidda/kantsona bør ikkje vere "snorrett". Vi ber elles NVE vurdere om det kan vere aktuelt å be om utgreiing av røyrgate i fjell. Dersom ein ikkje kan unngå røyrgate i dagen må farge-/materialval osv. gjere den minst mogleg synleg.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneplanar og inngrepsfri område (INON)

Ingen raudlisteartar, viktige naturtypar eller trua vegetasjonstypar er registrert i influensområdet. Som nemnt i rapporten er det likevel stort potensiale for nye funn i Luster. Det er ikkje utført botndyrgranskingar i samband med utgreiinga. Desse momenta og omsynet til miljøbasert vassføring og "føre var-prinsippet", tilseier at det bør vere krav om minstevassføring heile året.

Verneplan for Breheimen – Mørkridsdalen er under utarbeiding, der utgreiingsområdet ligg relativt langt frå inntaksområdet til kraftverket. Vasskraftutbygginga i Engjadalselvi vil berre ha noko effekt i høve til innfallsporten via Navarsetestølen (sjølvbetent DNT-hytte) med merkt sti vidare Fivla (sjølvbetent hytte, Luster turlag) til Vigdalen og Vigdalstøl (sjølvbetjent hytte, DNT, i grensa for utgreiingsområdet), jf. om friluftsliv.

Fisk og fiske

Elva er sjøaureførande opp til kote 10. Kraftverket er planlagt til kote 6. Det må ikkje utførast inngrep i elva som gjer at sjøaureproduksjonen vert vesentleg redusert. Ein må unngå at ukontrollerte/bråe vassføringsreduksjonar (for eksempel uventa stopp i kraftstasjonen) fører til stranding av yngel. For å unngå stranding av fisk må det setjast krav til bygging av forbisleppingsventil.

Ureining, vasskvalitet og støy

Anlegget vert plassert i nærleiken av busetnad, kanskje framtidig hotell m.m. Det er difor viktig at det ikkje vert støy frå anlegget. Vi har elles ikkje opplysningar som tilseier at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra som følgje av tiltaket.

Engjadalselvi er reservedrikkevasskilde for kommunesenteret, og det er uttak til vatningsvatn. Desse tilhøva må avklarast med kommunen, ev. Mattilsynet og dei med private rettar til

vassuttak. Vi føreset at krav om vatn i elva til drikkevatt, vatningsvatn og liknande kjem i tillegg til kravet om minstevassføring i høve til biologisk mangfald

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Fylkesmannen meiner Engjadalselvi er eit svært viktig landskapselement i kommunesenteret Gaupne i Luster kommune. Det omfattar difor interessene til ei stor gruppe menneske. Av nasjonale interessar vil vi peike på at Gaupne er start/endepunkt for den første nasjonale turistvegen i Noreg.

Ut i frå føreliggjande planar meiner fylkesmannen utbygginga i Engjadalselvi er i strid med allmenne interesser, jf. vassressurslova § 8, og at dette ikkje vert vege opp av fordelane ved tiltaket. Dersom det skal gjevast konsesjon meiner vi at det må vere krav til minstevassføring heile året som opprettheld biologiske leveområde i vasstrengen og ei monaleg større vassføring om sommaren som ivaretek elva som landskapselement.

Vi viser elles til kommunen sin uttale om saka og som styresmakt etter plan- og bygningslova.

Ved ev. utbygging må det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova."

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde følgende vedtak i fylkesutvalget 18.04.2007:

”

- 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*
- 2. Av omsyn til landskap og støy for nærliggande busetnad må kraftstasjonen flyttast til ein høveleg stad ovanfor Engjadalsvegen. Fylkeskommunen rår vidare til at avbøtande tiltak foreslått av Luster kommune vert gjennomført. Det må påleggjast spesifiserte vilkår i samband med legging og nedgraving/tildekking av trykkrørleidning for å gjer denne minst mogeleg synleg i terrenget."*

Sogn og Fjordane turlag skriver i brev av 23.03.2007:

"Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 55 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 3.948.

Litt om friluftsliv i det aktuelle området:

Engjadalen er, både sommar og vinter, det viktigaste friluftsområdet lokalt i Gaupneområdet. Og det er mykje brukt! I tillegg til dette er dalen knytt til det nasjonale turnettverket gjennom DNT-hytta Navarsete og dei merke turrutene til og frå denne hytta. Engjadalen er ein av "inngangsportane" til fjell-/turområdet Breheimen som nasjonalt og internasjonalt er mellom dei viktigaste turområda i Sogn og Fjordane, og som har store opplevingskvalitetar.

DNT-hytta og dei fleste og viktigaste friluftsområda ligg oppstrøms inntaket til den planlagde kraftstasjonen. Men det er også turruter i form av gamle stølsstiar heilt frå dalbotnen i Gaupne og oppover langs begge sider av elva. Desse stiane er mindre brukte enn stiane lenger oppe i dalen.

Kommentarar til utbygginga:

Slukevna for kraftstasjonen er maksimum 186 % og minimum 10 % av gjennomsnittsvassføringa. Kraftverket vil utnytte 74 % av tilsiget, noko som er uvanleg mykje for ei småkraftutbygging. 60 – 70 % er meir vanleg.

Minstevassføringa det er gjort framlegg om, 100 l/sek i perioden 1.5 – 30.9, er 17 % av gjennomsnittsvassføringa, men ein mykje mindre prosentdel av vassføringa i perioden 1.5 – 30.9. I eit middels år vil det vere overløp over dammen i berre 42 dagar. Dette er også lite. 50 – 60 dagar er meir vanleg. Det aller meste av overløpet vil vere i samband med snøsmeltinga i perioden ca. 20.6 – 20.7. Resten av overløpet vil hovudsakleg vere knytt til kraftig regnvær om hausten. Periodane med overløp vil variere mykje frå år til år avhengig av snømengder, temperatur og nedbør. Til saman indikerer det ovanståande at utbygginga, trass i minstevassføringa, er klårt hardare enn dei fleste andre småkraftutbyggingar.

Inntak: Inntaket må byggast slik at det vert minst mogeleg synleg. Dette kan gjerast ved god terrengtilpassing og ved bruk av naturstein og/eller farge i betongen.

Røyrgate/vassveg: Delar av røyrgate skal leggjast i dagen. Dette er i det brattaste partiet eit nokså kort stykke opp frå dalbotnen, og dermed i det området som er aller mest synleg både frå riksvegen og frå store delar av Gaupne sentrum. Etter vårt syn er dette fullstendig uakseptabelt, og absolutt ikkje i samsvar med det som er moderne småkraftutbygging i område som er så godt synlege som dette! Vi merkar oss også at det lenger oppe er snakk om at røyrgate vert heilt eller delvis liggande i dagen. Heller ikkje dette er akseptabelt.

Røyrgate skal krysse elva like på oppsida av ei bru over vegen, slik at kryssinga vert veldig godt synleg. Det står ingenting i konsesjonssøknaden om korleis kryssinga skal gjennomførast, men vi føreset at dette vert under elva! Noko anna er uakseptabelt.

Viss utbygginga i det heile skal tillatast, må heile røyrgate leggjast under bakken! Det beste er at dette skjer gjennom boring av tunnel. Dette må vere ein absolutt føresetnad i det brattaste partiet der ein no har planlagt røyrgate i dagen, men boretunnelen kan med stor fordel gå heilt opp til inntaket, slik at ein på den øvre strekninga unngår mykje sprenging for å få røyrgate heilt under bakken.

Kraftstasjonen: I konsesjonssøknaden er kraftstasjonen plassert på kote 6. I planen for småkraftverk i Luster er den plassert på kote 13. Kraftstasjonen bør etter vårt syn plasserast oppstrøms den sjøauførande delen av elva, d.v.s. minimum på kote 10. Vi ber NVE og

utbyggaren vurdere ei høveleg plassering ca. på kote 10 – 13. Av omsyn til fisken, må det installerast omløpsventil i kraftstasjonen for å unngå stranding av fisk ved stopp i stasjonen.

Vi registrerer elles med glede at det skal leggest stor vekt på støydemping av kraftstasjonen. Det er viktig!

Kraftlinjer: Det er gledeleg, og heilt nødvendig, at linja vert lagd i kabel.

Fordelar ved tiltaket: Det at småkraftutbyggingar skal vere "redninga" for busetnad og vidare drift på gardane, har vorte eit "standardargument" for utbygging. I nokre tilfelle er det fullt grunnlag for å hevde dette, i andre tilfelle er det meir tvilsamt, og i unntakstilfelle er påstanden "rein løgn". Vi har ingen grunn til å tru at det siste er tilfelle her, tvert imot! Men ettersom dette er ei kontroversiell utbygging, kan det vere interessant å kartlegge kor mange av dei 16 grunneigarane som sjølv verkeleg driv aktiv jordbruksdrift. Vi går ut frå at Landbrukskontoret i Luster kan gje NVE informasjon om det. Med 16 grunneigarar blir det vel uansett berre småsummar kvar av dei vil sitte att med, slik at argumentet ikkje er så viktig, men dette må utbyggaren kunne svare på. Vi kjenner ikkje avtalane dei har med fallrettseigarane.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.2 Vassstemperatur, istilhøve og lokalklima: Det kan vere kaldt om vinteren i Gaupne, og vatnet som kjem ut frå kraftstasjonen vil vere svakt oppvarma. Det er grunn til å rekne med at dette resulterer i frostrøyk nedstrøms kraftstasjonen, men det er vanskeleg for oss å seie om dette vil bli så mykje at det blir eit problem.

3.4 Biologisk mangfald og verneinteresser: Det er all grunn til å tru at det er fossefall i vassdraget. Inntaket og litt av røyrkata ligg på grensa til eitt av Fylkesmannen sine EDNA-registrerte område.

3.5 Fisk og ferskvassbiologi: Som vi alt har nemnt, bør kraftstasjonen flyttast slik at avløpet vert oppstrøms den sjøaureførande elvestrekninga. Vidare må det installerast omløpsventil. Viss ikkje, kan verknaden for fisk fort bli stor negativ!

3.6 Landskap: Som det står i konsekvensutgreiinga, er Engjadalselva eit "lokalt landemerke" i Gaupne. Konsekvensane av tørrlegging, eller nesten tørrlegging, av elva størstedelen av året, vert sterkt negative. Dette vert forsterka av at elva er så synleg for så mange. Dette gjeld alle dei som bur i Gaupne, friluftsfolk og ikkje minst turistar. Vi har ikkje konkrete tal, men reknar med at det er langt over 100.000 turistar som vitjar/køyrer gjennom Gaupne årleg. Og når ein køyrer nordover på riksvegen, er elva svært godt synleg på ei ganske lang strekning. Minstevassføringa om sommaren på 100 l/sek, er altfor liten til at elva skal bli særleg synleg. Skal den vere det, må minstevassføringa i alle fall vere 300 l/sek! Det kan også vere ei viss hjelp for landskapsopplevinga at slukevna i kraftstasjonen vert redusert.

Noko vi meiner er altfor lite vektlagt i konsekvensutgreiinga, er den negative verknaden av røyrkatetraseen, trass i at det der er presisert at "Trevegetasjon i rørgatetraseen må unngås." Dette fører til at røyrkatetraseen vil verte synleg som ei "gate" i terrenget for "all framtid". Aller mest vil denne "gata" verte synleg der den går gjennom granplantefelt, men også i annan skog vert den godt synleg. Og røyrgate i dagen på den strekninga som er aller mest synleg både frå Gaupne og frå riksvegen, vert ille! Skoggata vil vere med på å framheve røyrkata i dagen! Som alt nemnt, viss det skal byggast ut, må det nyttast boretunnel på denne strekninga.

3.7 Kulturminne: Av www.fylkesatlas.no går det fram at ein bygning som er registrert i Riksantikvaren sitt SEFRAK-register ligg svært nær røyrgatetraseen, men om det er direkte konflikt, er litt vanskeleg å bedømme. Kanskje passerer røyrgata like vest for dette kulturminnet?

3.10 Brukarinteresser/friluftsliv: Det er gamle stølsstiar langs begge sider av elva. Vi reknar med at delar av desse, i alle fall den på austsida, kjem i direkte konflikt med røyrgatetraseen. Vi ber NVE krevje at utbyggaren skal gjere greie for i kor grad dette vil skje, og kva tiltak dei vil sette i verk for at stølsstiane skal kunne brukast også i framtida.

Elles er vi einige i at den viktigaste delen av sjølve friluftsområda ligg oppstrøms inntaket, men undervegs til desse friluftsområda vil jo konflikten med utbygginga vere høgst merkbar. Vi er derfor ueinige i at konflikten med friluftsliv er så liten som konsekvensutgreiinga seier. Med tanke på den store bruken av området, meiner vi at konsekvensen er middels negativ. Inntaket og litt av røyrgata er inne i eitt av Fylkesmannen sine FRIDA-område.

Avbøtande tiltak:

Vi viser til det vi alt har nemnt ovanfor. Viss det skal byggast ut må (+ det i søknaden):

- *Heile røyrgata under jorda, og heilt eller delvis i boretunnel.*
- *Kraftstasjonen flyttast til oppstrøms sjøaureførande strekning og få omløpsventil.*
- *Minstevassføringa må aukast kraftig om sommaren og slukevna bør reduserast.*

Oppfølgjande undersøkingar:

Ettersom kraftstasjonen vert liggande nesten heilt nede i Gaupne sentrum, må det gjerast oppfølgjande undersøkingar av støy. Viss støynivået, etter strenge vurderingar, er for høgt, må det iverksettast tiltak.

Tilhøva for sjøauren nedst i elva bør og undersøkast nærare. Først før utbygginga, og deretter etter ei eventuell utbygging.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vurdert utelukkande ut frå friluftssinteressene, har vi ikkje sterke nok grunnar til å gå mot utbygginga. Men når ein tek med konsekvensane for dei som bur i og vitjar Gaupne, og ikkje minst alle turistane, vert vår tilråding til NVE at konsesjonssøknaden bør avslåast!

Røyrgate i dagen på den mest synlege strekninga synest vi uansett er heilt uakseptabelt, og vi synest minstevassføringa er altfor liten til at elva skal kunne fylle si "rolle" som landskapselement på ein brukbar måte."

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har uttalt seg slik i brev av 14.03.2007:

"Vi viser til brev 5.febr. 2007 om høyring av søknad om bygging av kraftverk i Engjadalselvi. Dette er eit småkraftprosjekt som vi sterkt vil fråråde. Engjadalen ved Gaupne er ein svært vakker u-dal og hengande dal som er mykje nytta til turføremål og fritidsverksemd elles. Dette

gjeld både fastbuande og turistar som vitjar Luster. Det ligg ein del hytter i dalen, og her er også ei turisthytte driven av DNT med merka sti mot Vigdalen og innover i Breheimen.

Utbyggingsområdet vil vere i utlaupet av dalen og ned mot Gaupne. Her er elva godt synleg i landskapet i denne terskelen og med fine fossefall. Det vil vere svært uheldig for landskapsopplevinga her ved inngangen til den vakre Engjadalen at elva og fossane blir erstatta av ei meir eller mindre turr elv og ein skjemmaende røyrleidning.

Dette området ligg elles ved inngangen til Jostedalen med stor ferdsel av turistar. Vi trur ikkje at synet av ei øydelagd elv vil vere den rette måten å møte turistane på og folk som elles ferdast her. Vi trur elles at dei fastbuande som nyttar Engjadalen til fritidsaktivitetar, også ønskjer å ta vare på elva og dei kvalitetane som elva representerer.

Luster har hatt stor kraftutbygging tidlegare, og det ligg føre omfattande planar om meir kraftutbygging i tida som kjem. Dersom alle desse blir realiserte, vil det snart ikkje bli igjen større "urørte" fossar og elvar i kommunen. Det er no på høg tid å stoppe opp og tenke seg om, dette på grunn av omsynet til landskapet og biologisk mangfald, men også på grunn av reiselivet og turistferdsla som er så viktig for kommunen. Vi kan heller ikkje sjå at dette kraftverket i særleg grad vil vere med og styrke næringslivet og busettinga i Luster. Gaupne er heller ingen utkant i kommunen!

Rapporten som ligg ved søknaden, konkluderer med at utbygginga vil ha "middels negative konsekvensar" når det gjeld landskapet og "liten negativ" når det gjeld friluftsliv. Dette er slett ikkje å ta for hardt i når det gjeld denne elva som er så eksponert og synleg i landskapet og som renn i eit område som er så sentralt. Vi meiner såleis at ei utbygging vil få store negative konsekvensar både for landskapet og friluftslivet. I samanheng med dette viser vi også til den planen for vassdraga og småkraftutbygginga som er utarbeidd av Luster kommune, og der Engjadalselva er vurdert å vere av stor verdi.

Konklusjonen vil då vere at Engjadalselva har så mange verdiar knytta til seg at ei kraftutbygging her ikkje bør tillatast. Det er etter vår meining ingen særlege grunnar som talar for å bygge eit kraftverk ved denne elva med dei konsekvensane dette vil få."

Jon Ove Lomheim uttaler i brev av 01.10.2007:

"Underteikna fekk i sommar lovnad hjå NVE på at Luster kommune (ved kommunestyret) kunne gje ny uttale om overnemnde elv.

Saka vart handsama i Luster kommunestyre 20.09.2007. Formell uttale skal vera sendt til NVE frå kommunen med delt uttale (15-14) for utbygging med avbøtande tiltak. Mindretalet gjekk mot utbygging og signalet er dermed at ei utbygging er konfliktfylt!

Venstre hadde framlegg mot utbygging med grunngjeving, medan Arbeidarpartiet hadde bestemt seg for kort framlegg å gå mot utbygging utan grunngjeving. Når det store partiet AP har bestemt det på representantskapsmøte så er det vanskeleg å endra formuleringar der. Venstre måtte såleis sekundært støtte AP sitt framlegg.

Er usikker på korleis uttalen blir presentert frå kommunen si side, men vil gjerne opplyse om vårt framlegg med grunngjeving:

Luster kommune går imot at det vert gjeve konsesjon for utbygging av Engjadalselvi. Grunngevinga for dette er at fordelane ved utbyggingstiltaket er mindre enn ulempene for allmenne interesser, friluftsisinteressene, landskapsinngrep og biologisk mangfald.

Engjadalselvi med fossar er eit viktig landskapselement i kommunesenteret Gaupne.

Gaupne er start-/endepunkt for den første nasjonale turistvegen i Noreg og i enden av Jostedalen som eit viktig element for reiseleiv lokalt, regionalt og nasjonalt.

Ei urørt Engjadalselv betyr mykje for livskvaliteten til mange innbyggjarar og er sentralt plassert for skule/undervisning og utvikling av kommunen som service- og reiselivskommune.

(framlegget fekk Venstre sine to røyster + 1 røyst frå Krf + 1 røyst frå SV)

Som tilleggsmoment vil eg nemne:

I same møte vedtok Luster kommune å søkje status som Nasjonalparkkommune. Sjølv om utbygginga ikkje direkte berører den planlagde Breheimen nasjonalpark, så er Engjadalen (og elva) "inngangsportane" til ein slik park. Vegene til Jostedalen startar i kommunesenteret Gaupne.

Kommunen si forvaltning av naturverdiane generelt vil truleg også vere viktig for om kommunen får slik status, og fossande elvar er viktige i turisme-samanheng.

Engjadalselvi er synleg frå mange kantar både langs riksvegtilkomst til Gaupne, frå utsiktspunkt frå fjellet og frå båt i Lustrafjorden og hamneområdet ved Gaupne. Dette og meir til har truleg NVE fått med seg når NVE skal handsame søknaden.

Kan ettersende kopi av heile møteprotokollen om ønskjeleg. Eg vil gjerne ha tilbakemelding om dette innspelet kjem fram til sakshandsamar og vert teke omsyn til."

Torbjørn Aunan uttaler følgende i brev av 19.09.2007

"Ønsker med dette å melde min bekymring for den konsesjonssøkte utbyggingen av Engjadalselven.

Jeg er nærmeste nabo til den planlagte kraftstasjonen. Den vil havne rett på andre siden av elven, om lag 60 meter fra husveggen min. Jeg har utsikt til elven fra mitt kjøkken og spisestue på denne siden av huset fra 2. etasje. I tillegg har vi et soverom i 3. etasje på nordsiden, som vender rett ut mot denne planlagte kraftstasjonen. (se vedlagte kart)

Ikke bare vil jeg miste en flott liten foss, men jeg vil få den erstattet med et kraftverk. Det jeg dog er mest bekymret over er støyen fra dette evt kraftverket.

I et allerede dårlig boligmarked er jeg svært redd for at min eiendom vil synke betraktelig i verdi, om ikke bli umulig å selge, om det legges et kraftverk her. Ikke bare mister man den koselige utsikten, men man får en støykilde som angivelig er betraktelig mer monoton og irriterende enn sus fra en elv. I verste fall ser jeg for meg at man ikke kan ha soveromsvinduene åpne, og dette er helt uakseptabelt. Dette gjelder ikke bare for soverommet i 3. etasje, men også for de resterende 4 soverom vi har i 1. og 2. etasje.

Jeg er klar over at man opererer med dB angivelser for støy, men det er svært stor forskjell på den støyen som gir en gitt dB verdi.

Håper min bekymring blir tatt til veie. Jeg mener at før man kan godkjenne dette, bør man vurdere alternative plasseringer som ikke vil plage naboer. Blir dette godkjent som eneste mulige plassering, må man regne med en økonomisk kompensasjon for evt verditap."

Svein nybø uttaler følgende i brev av 11.06.2007 til kommunestyret:

"Det er for seint å snyta seg når nasen er borte", heiter det i eit ordtak. Ja, slik tenkte eg då eg las at det var gjort vetak i formannskapet i Luster om at småkraftprosjektet i Engjadalselva var samrøystes og endeleg vedteke.

Eg har høyrte rykter om utbygging lenge, men fyrst når det er for seint går det opp for ein, kva som eigentleg har gått føre seg i dei folkevalde organa.

Kva nytte har det å byggja ut denne vesle elva? For storsamfunnet meiner eg den betyr ingen ting som krafttilskot. Her er det berre grunneigarar som haustar gevinst, utan å yta noko nemnande til fellesskapet. Og det er vel heller ingen som har den udyrka naturen som einaste leveveg.

Min meining er - lat elva renna slik ho har runne i generasjonar. Bygda og kommunen med sine enorme kraftressursar har god råd til det. Lat ho vera ein urørd arv til etterkommarane våre og lat oss som framleis lever i bygda få både sjå og høyra elvesusen slik me har høyrte han, frå morgon til kveld når "fager kveldsol smiler", og "berre bekken bruser i den stille kveld".

